



1-65 Bruk av røykdykkerutstyr som PVU (innsats nivå 0)

1 Formål

Prosedyren skal sikre riktig bruk av røykdykkersett og ta i vare tryggheta til brannmanskapa

2 Bruksområde

Prosedyren gjeld alle som skal bruke røykdykkersett som PVU

3 Definisjonar

- PVU: personleg verneutstyr
- Røykdykkersett: Flaskesett og pusteluftsmaske.
- Årleg øving i bruk av røykdykkersett: øving der ein trener på å bruke røykdykkersett i arbeid som brannkonstabel t.d. kalddykk, slangeutlegg, slokking, klatre i stige og liknande.
- Innsats nivå 0 (definisjon frå røykdykkerveiledningen): Innsats uten røykdykking, men arbeid i røykfyllt atmosfære hvor personlig verneutrustning inkludert åndedrettsvern er beskyttelse mot å bli eksponert for brannrøyk. Innsats på nivå 0 er forbundet med liten fare for innsatsmannskapene dersom generelle rutiner og instruksjer for innsats følges av alle involverte.

4 Ansvar

Utrykningsleiar - Mannskap

5 Framgangsmåte

Utrykningsleiar vurderer ut frå hending nivået for røykdykkerinnsats:

Røykdykkarar som har bestrått årleg fysisk test og har gjennomført årleg øving i varmdykk har til ei kvar tid førsteprioritet på bruk av røykdykkersett.

Alle som har gjennomgått opplæring som røykdykker kan bruke røykdykkersett til innsats i nivå 0, utan å ha bestått fysisk test, dersom dei har hatt årlig øving i bruk av røykdykkersett.

Nivå 0 er arbeid i områder der ein kan verte eksponert for røyk, t.d. ved utvendig slokking, bilbrann, skogbrann, feiing ved pipebrann og liknande.

Ein skal ALDRI utføre innsats over nivå 0 utan godkjent helseattest for røykdykkar, fysisk test og øving i varmdykk.

Alle må sjølv kjenne sine fysiske begrensingar.

6 Referansar

7 Vedlegg

8 Kryssreferansar